

Populært med 6 turfavorittar på ski i Å!

Bortimot 1900 personar har registrert seg i dei 6 gjestebøkene som har vore plassert ut i løypenettet i Ål denne vinteren.

Som ei vidareføring av Ål52 sitt vandreprogram «10 turfavorittar i Ål» valte Ål kommune og Ål Utvikling AS i samarbeid med løypelaga i Ål å lage til 6 turfavorittar på ski i vinter. Ein tur for kvart løypeområde. På kvar tur vart det sett opp postkasse med gjestebok på ein rasteplass eller i eit sentralt løypekryss.

No er det trekt ein premie for kvar bok. Kvar vinnar får eit gåvekort på Ål kulturhus og eit klyppekort til årets 10-turfavorittar sommaren 2016. Vinnarane er kontakta.

Tilbakemeldingane har vore positive, mange synes dette har vore eit godt initiativ som har gitt mykje god motivasjon for å kome seg ut på skitur, spesielt for borna.

1880 personar har vore på tur og skrive seg inn i bøkene. Av desse er 66 personar utanlandske. Dei fleste frå Tyskland, Nederland og Danmark men også skituristar heilt frå Spania, Venezuela og Brasil. Kinnhovdløypa på Votndalsåsen har absolutt vore den mest populære turen med 421 besøkande.

2017

Med gode tilbakemeldingar på at dette var eit godt initiativ er planen at det neste år bli 6 nye turar i dei ulike områda som får postkasse med gjestebok. Meir informasjon kjem då vinteren nærmar seg.

Med helsing
Ål Utvikling AS og Ål Kommune

Linda Dalene Bjerke
linda@alturistinfo.no
32 08 43 60 /95050826

Hilde Nysæther Frantzen
hnf@aal.kommune.no
32085035/ 90175205

